

Høyringsvar til programplan for System for styrka læring

Beklagar at vi ikkje greidde å overhalde fristen for å gje høyringsvaret.

Vi har drøfta utkastet på rektormøtet 19.03.14 og utkastet har vore sendt ut til alle skulane.

Innleiingsvis vil vi seie at vi er samde i at både deltaking, medskaping og kommunalt eigarskap er ein føresetnad for at regionale utviklingsprogram kan få den ønska effekten. Det er difor viktig at vi klarar å bruke nok tid til gode prosessar lokalt på den enkelte eining for å gjere slike utviklingsprogram forankra hos alle tilsette og integrerte i det øvrige arbeidet og i tenkinga som rår ved den enkelte barnehage og skule. Slike prosessar tar tid.

Skulane og barnehagane i Sogndal leverer gode tenester til innbyggjarane. Det er eit tett og godt samarbeid internt i kommunen og eit godt samarbeid med nabokommunar. Det har vore stor entusiasme knytt til fellesprosjekta i Indre Sogn og det er eit sterkt ønske om å fortsette det gode utviklingsarbeidet.

Vi har imidlertid nokre merknadar til notatet slik det ligg føre.

1. Organisering og struktur av programmet er uklart. Her er mange ulike omgrep i styringskjeda også innad i programmet og i overgangen mellom programmet og utførande einingar. Det er ønskeleg med eit organiseringskart som viser denne strukturen på ein oversikteleg og funksjonell måte der programstyret, kommunal programstyre gruppe, områdeteam, arbeidslag, ulike nettverk blir vist knytt opp til dei kommunale styringskjedene.
2. Under det einskilde programområde må det tydeleg komme fram kva område gjeld med mål og delmål, korleis det er tenkt at dei ulike einingane skal ta ta tak i det, kven skal drive det og kortid det er tenkt gjennomført evnt. tidsplanar.

Slik det står i notatet varierar dette mellom programområda. Og er tidvis relativt uklart.

3. I ein lærande organisasjon er det heilt sentralt å hauste læring frå det ein gjer bra og kvifor slik at suksesskriteria og årsaken til gode resultat kan overførast frå ein situasjon til ein annan. I dette programmet bør det settast søkelys på å lære av dei gode eksempela vi har innan heile oppvekstsektoren både på drift og utvikling.
4. Når vi les notatet kan det sjå ut som vi breiar oss altfor mykje på kort tid. Dersom det stemmer kan det bli utfordrande både å få til den nødvendige forankringa både politisk, administrativt og ikkje minst hjå utøvarane i både barnehage og skule.

Vi ønsker lukke til med det vidare arbeidet og ser gode prosessar for å lukkast med dette flotte og ambisiøse arbeidet.